

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Førde HF  
Dato: 09.06.2023  
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseeth og Asle Kjølraug**  
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per mai 2023**

**Arkivsak**  
2023/944  
**Styresak 037/2023**

**Styremøte 21.06.2023**

---

## Framlegg til vedtak


Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per mai 2023 til vitende.

## Administrerende direktør si vurdering

Resultatet for mai er negativt med 1,5 millioner kroner. Dette er ei vesentleg betring samanlikna med tidlegare månader i 2023. Hovudforklaringa til dette er høgare inntekter som følgje av etterkoding av DRG-poeng for første tertial 2023.

Aktiviteten i mai var isolert noko lågare enn budsjettet, men i samband med tertialstenging av DRG-koding er det inntektsført 3 millioner kroner. Dette resulterer samla i inntekter høgare enn budsjettet i perioden. Aktiviteten i somatikken, utanom H-resept, summerte seg til 98,6 prosent av budsjettet, eit avvik på 31 DRG-poeng. Hittil i år er aktiviteten i somatikken på budsjett.

Det er låg poliklinisk aktivitet i psykisk helsevern for born og unge. Dette skuldast delvis vakanse og permisjon, men er uansett ei vedvarande utfordring som administrerende direktør følgjer tett opp i lag med klinikkdirektør. For vaksne er poliklinisk aktivitet om lag som plan, medan døgnpostane har noko lågare aktivitet enn same månad i fjor. Innanfor TSB er aktivitet i døgnavdelingane over fjoråret.



Øverste tal er tal for siste månad, prosentvis samanlikna med same periode i fjor.

Tallet under er akkumulert tal hittil i år, prosentvis samanlikna med hittil i fjor.

\* Ø-hjelp er Ø-hjelpstilvisingar pluss dei som blei avslutta innan 2 dagar.

\* Anna er stort sett tilvising til kontroll, opplæring, attestar o.l.

\* Totalkø er inkludert dei som er i ventelistekø. Teller unike pasienter per avdeling og fagområde.

Nokre forenklingar er gjort og nokre små pasientsstrømmer er ikkje framsynt.

Mogleg å få minustal på avslutta om det har blitt oppretta mange seriekonsultasjonar i perioden.

Det er meirforbruk på løns- og personalkostnader på 6,3 millioner kroner, eit tilsvarande meirforbruk som i april. Overtid er uendra, det er noko mindre avvik knytt til vikarbruk, medan det har vore eit høgare meirforbruk på innleige. Ingen store endringar i avvik knytt til løn elles, men noko høgare lønsrefusjonar i perioden. Dette truleg som følgje av eit høgare langtidsfråvær. Bruk av overtid, innleige og utvida arbeidstid (UTA) vert framleis følgd opp månadleg som del av klinikkane si interne rapportering. Det er tredje månad på rad forbruk av løns- og personalkostnader held om lag same nivå.

14. juni vedtar Helse Vest-styret endra budsjett basert på revidert nasjonalbudsjett. Administrerende direktør registrerer at auken i budsjettet for Helse Førde er tilrådd lågare enn først estimert. Gjennomgang av ny ramme frå Helse Vest indikerer at Helse Førde vil få omlag 20 millioner mindre enn det som var lagt til grunn i P1-prognosen. Følgjeleg er konsekvensen at oppdatert prognose viser at vi til slutt kan kome omlag 50 millioner kroner bak budsjett. Administrerende direktør understrekar at dette er basert på at resultatkravet er auka frå 0 (null) til 20 millioner kroner for 2023.

Indikatorane for tilgjengelegheit var i mai på same høge nivå som tidlegare i år, og noko forverra samanlikna med same tidsperiode i fjor. Dei somatiske faga er framleis midt inne i ein utfordrande situasjon knytt til å redusere totalkøen etter pandemien, og det er utfordrande å betre situasjonen vesentleg på kort sikt. Det er i hovudsak kirurgisk klinikk som held indikatorane oppe. Isolert sett har medisinsk klinikk ventetid for ventande

som er om lag på langtidsmålet. Det kom ei markant og vedvarande auke etter sommarferien i fjor, og administrerande direktør er uroa for om vi klarer å unngå tilsvarande forverring i årets sommarferie.

Innan psykisk helsevern og rus er det auke i ventetid innan både PHV og PBU. Det er den vedvarande utfordringa med tilgjengeligheit innan PBU som gjev mest grunn til merksemd, og det er viktig å halde fokus på dette området.

Det er igjen ein aukande trend i talet på fristbrot (328 nye fristbrot i mai), men det er likevel færre fristbrot enn i den utfordrande situasjonen hausten 2022. Det er ved kirurgisk avdeling og hudavdelinga at det er flest fristbrot. Auken i mai er i hovudsak knytt til fråvær av sentrale fagpersonar ved kvinneklinikken (91 nye fristbrot). Det var 6 nye fristbrot innan PBU i mai.


Sjukefråværet for april vart 7,3 prosent. Dette er på same nivå som tidlegare i år, og om lag på nivå med same periode i fjor. Administrerande direktør registrerer at det har vore ei positiv utvikling, men framleis er langtidssjukemeldinga noko høg.

## FAG

### Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nytilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:


- Somatikk: 76 dagar ved utgangen av mai (75 i april). 61 i mai i fjor. Altså +15 frå i fjor.
- PHV: 36 dagar ved utgangen av mai (31 i april). 30 i mai i fjor. Altså +6 frå i fjor.
- PBU: 36 dagar ved utgangen av mai (37 i april). 32 i mai i fjor. Altså +4 frå i fjor.
- TSB (rus): 24 dagar ved utgangen av mai (24 i april). 7 i mai i fjor. Altså + 17 frå i fjor.



### Ventetid - helsehjelp starta i perioden


Gjennomsnittleg ventetid for dei nytilviste som fekk starta behandling i mai, var:

- Somatikk: 80 hittil i år (77 dagar i mai) – måltal er 50. 74 hittil i fjor. Altså +6 frå i fjor.
- PHV: 30 hittil i år (28 dagar i mai) – måltal er 40. 36 hittil i fjor. Altså -6 frå i fjor.
- PBU: 51 hittil i år (48 dagar i mai) – måltal er 35. 50 hittil i fjor. Altså +1 frå i fjor.
- TSB (rus): 22 hittil i år (17 dagar i mai) – måltal er 30. 26 hittil i fjor. Altså -4 frå i fjor.



## Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 172 fristbrot på behandla pasientar i mai svarande til 9,7 prosent av behandla i mai (8,5 prosent i april). Gjennomsnitt for Helse Vest er 8,8 prosent.
- Førebels registrert 328 nye fristbot i mai, svarande til 11,1 prosent av alle med frist i mai (8,1 prosent i april).



## Direkte timetildeling – måltal 100 prosent (ingen tentative timer)


- Førebels 76 prosent for første time (69 prosent i april). Gjennomsnitt for Helse Vest er 80 prosent.
- Førebels fikk 63 prosent oppfølgingstime innen 24 timar (60 prosent i april). Gjennomsnitt for oppfølgingstime i Helse Vest er 63 prosent.

Foreløpige tall

|                          | 2019        | 2022        | 2023 hittil | mai.23      |
|--------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| HELSE BERGEN HF          | 80 %        | 76 %        | 79 %        | 80 %        |
| HELSE FONNA HF           | 74 %        | 72 %        | 78 %        | 78 %        |
| HELSE STAVANGER HF       | 84 %        | 81 %        | 78 %        | 80 %        |
| HELSE FØRDE HF           | 75 %        | 60 %        | 69 %        | 76 %        |
| <b>KIRURGISK KLINIKK</b> | <b>71 %</b> | <b>56 %</b> | <b>61 %</b> | <b>68 %</b> |
| <b>MEDISINSK KLINIKK</b> | <b>76 %</b> | <b>63 %</b> | <b>79 %</b> | <b>87 %</b> |
| <b>PSYKISK HELSEVERN</b> | <b>88 %</b> | <b>82 %</b> | <b>75 %</b> | <b>73 %</b> |

## Andel ikkje møtt

Høgare enn normalt med 2,9 prosent (3,5 prosent i april). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,6 prosent.



## Epikrisetider (mai-tal)

Innan ein dag (mål 70 prosent)

- Somatikk 74 prosent denne månaden, og hittil i år 74 prosent (74 prosent i heile 2022).
- Psykisk helsevern 42 prosent denne månaden, og hittil i år 36 prosent (34 prosent i heile 2022).
- TSB/Rus 87 prosent denne månaden, og hittil i år 69 prosent (65 prosent i heile 2022).

Innan sju dagar (mål 100 prosent):


- Somatikk 90 prosent denne månaden, og hittil i år 90 prosent (91 prosent i heile 2022).
- Psykisk helsevern 77 prosent denne månaden, og hittil i år 85 prosent (85 prosent i heile 2022).
- TSB/Rus 100 prosent denne månaden, og hittil i år 92 prosent (90 prosent i heile 2022).

## Korridorpatientar

15 korridorpatientar, svarande til 0,2 prosent av innlagte (0,4 prosent førre månad). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,6 prosent.

## Utskrivingsklare pasientar

Eitt døgn i mai, svarande til 0,0 prosent av alle liggedøgn (0,1 prosent i snitt i 2023 mot 0,2 prosent i 2022). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,1 prosent.



## Stryking av planlagde operasjonar

Ikkje klart enno på grunn av innføring av Dips Arena.

## AKTIVITET

### Somatikk

| Somatikk                                   | Denne periode  |                 |              |               |              | Til no i år    |                 |              |               |              |
|--|----------------|-----------------|--------------|---------------|--------------|----------------|-----------------|--------------|---------------|--------------|
|  | Faktisk        | Budsjett        | Avvik        | I fjor        | Avvik        | Faktisk        | Budsjett        | Avvik        | I fjor        | Avvik        |
| DRG-poeng dag/døgn, A                      | 1 718          | 1 747           | -28          | 1 671         | 47           | 8 911          | 8 885           | 27           | 8 536         | 376          |
| DRG-poeng poliklinikk, A                   | 437            | 440             | -3           | 441           | -4           | 2 323          | 2 322           | 1            | 2 252         | 71           |
| DRG-poeng biologiske legemiddel, A         | 132            | 153             | -21          | 121           | 11           | 1 273          | 1 235           | 38           | 1 232         | 42           |
| DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)   | 58             | 58              | -0           | 63            | -4           | 261            | 280             | -19          | 312           | -51          |
| <b>SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)</b>  | <b>2 346</b>   | <b>2 398</b>    | <b>-52</b>   | <b>2 296</b>  | <b>50</b>    | <b>12 769</b>  | <b>12 723</b>   | <b>46</b>    | <b>12 332</b> | <b>437</b>   |
| DRG-poeng behandla andre regionar, (C)     | 138            | 142             | -5           | 146           | -9           | 675            | 724             | -48          | 636           | 39           |
| <b>Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C)</b> | <b>2 425</b>   | <b>2 482</b>    | <b>-57</b>   | <b>2 380</b>  | <b>45</b>    | <b>13 183</b>  | <b>13 166</b>   | <b>17</b>    | <b>12 655</b> | <b>527</b>   |
| Tal dagkirurgi/dagbehandling               | 1 307          | 1 242           | 65           | 1 209         | 98           | 6 319          | 6 530           | -211         | 6 389         | -70          |
| Tal sjukehusopphald                        | 1 451          | 1 501           | -50          | 1 461         | -10          | 7 205          | 7 584           | -379         | 7 119         | 86           |
| Tal polikliniske konsultasjonar            | 10 536         | 10 144          | 392          | 10 208        | 328          | 54 178         | 53 030          | 1 148        | 52 520        | 1 658        |
| <b>DRG indeks</b>                          | <b>Faktisk</b> | <b>Budsjett</b> | <b>Avvik</b> | <b>I fjor</b> | <b>Avvik</b> | <b>Faktisk</b> | <b>Budsjett</b> | <b>Avvik</b> | <b>I fjor</b> | <b>Avvik</b> |
| Dag/døgn                                   | 0,623          | 0,637           | -0,014       | 0,626         | -0,003       | 0,659          | 0,629           | 0,029        | 0,632         | 0,027        |
| Poliklinikk                                | 0,041          | 0,043           | -0,002       | 0,043         | -0,002       | 0,043          | 0,044           | -0,001       | 0,043         | -0,000       |


### Perioden

Samla DRG-produksjon i somatikken var 1,4 prosent lågare enn budsjett (-31 poeng) i perioden, men 1,8 prosent betre enn tilsvarande periode i fjor (+39 poeng). Aktiviteten i perioden er 3,2 prosent over budsjett målt i samla tal behandlingar. Det er 3,2 prosent høgare aktivitet enn tilsvarande periode i fjor.

### Til no i år

DRG-produksjonen hittil i år er som budsjettet (+8 poeng), og 3,6 prosent høgare enn akkumulerte tal i fjor (+395 poeng). Samla er aktiviteten 0,8 prosent høgare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, noko som er 2,5 prosent over tilsvarande periode i fjor.

### Beleggsprosent



## Psykisk helsevern

| Psykisk helsevern                     | Denne periode |       |                      |        | Til no i år            |         |        |                      |        |                        |
|---------------------------------------|---------------|-------|----------------------|--------|------------------------|---------|--------|----------------------|--------|------------------------|
|                                       | Faktisk       | Plan  | Avvik<br>frå<br>plan | I fjor | Avvik<br>frå<br>i fjor | Faktisk | Plan   | Avvik<br>frå<br>plan | I fjor | Avvik<br>frå<br>i fjor |
| <b>Psykisk helsevern vaksne</b>       |               |       |                      |        |                        |         |        |                      |        |                        |
| DRG poeng                             | 389           | 414   | -25                  | 404    | -15                    | 2 098   | 2 119  | -21                  | 1 975  | 123                    |
| Tal heildøgnsopphald                  | 1 305         | 1 628 | -323                 | 1 486  | -181                   | 6 880   | 8 050  | -1 170               | 7 550  | -670                   |
| Tal utskrivne pasientar               | 64            | 87    | -23                  | 76     | -12                    | 369     | 443    | -74                  | 403    | -34                    |
| Polikliniske kons. m/refusjon         | 2 023         | 2 172 | -149                 | 2 246  | -223                   | 10 786  | 11 120 | -334                 | 10 934 | -148                   |
| <b>Rus</b>                            |               |       |                      |        |                        |         |        |                      |        |                        |
| DRG poeng                             | 38            | 37    | 1                    | 44     | -6                     | 188     | 220    | -32                  | 194    | -6                     |
| Tal heildøgnsopphald                  | 694           | 703   | -9                   | 498    | 196                    | 3 437   | 3 189  | 248                  | 2 542  | 895                    |
| Tal utskrivne pasientar               | 32            | 26    | 6                    | 19     | 13                     | 117     | 116    | 1                    | 76     | 41                     |
| Polikliniske kons. m/refusjon         | 153           | 192   | -39                  | 248    | -95                    | 800     | 1 139  | -339                 | 1 125  | -325                   |
| <b>Psykisk helsevern barn og unge</b> |               |       |                      |        |                        |         |        |                      |        |                        |
| DRG poeng                             | 454           | 539   | -85                  | 432    | 22                     | 2 470   | 2 859  | -389                 | 2 312  | 158                    |
| Tal heildøgnsopphald UPH              | 93            | 144   | -51                  | 108    | -15                    | 478     | 650    | -172                 | 561    | -83                    |
| Tal utskrivne pasientar UPH           | 4             | 11    | -7                   | 11     | -7                     | 41      | 52     | -11                  | 53     | -12                    |
| Polikliniske kons. m/refusjon         | 1 329         | 1 794 | -465                 | 1 578  | -249                   | 7 238   | 9 512  | -2 274               | 8 314  | -1 076                 |

### Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)


Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore lågare enn plan i perioden. Akkumulert ligg vi om lag som i fjor for poliklinikk, og har nokre færre liggedøgn.

Innan TSB er aktiviteten god, men litt låg innan poliklinikk. Akkumulert har vi vesentleg høgare aktivitet innan døgnopphald.

### Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore lågare enn plan og i fjor. Akkumulert er døgnopphald om lag som i fjor, medan vi ligg 13 prosent bak på poliklinikk.

### Beleggsprosent





## ØKONOMI

| Artskonto                               | Regnskap | Budsjett | Avvik  | Regnskap Hittil | Budsjett Hittil | Avvik Hittil | Årsbudsjett |
|---|----------|----------|--------|-----------------|-----------------|--------------|-------------|
| ☒ ISF inntekter                         | 54 266   | 52 246   | 2 020  | 277 069         | 277 015         | 54           | 637 851     |
| ☒ Gjestepasient inntekter               | 3 081    | 2 637    | 444    | 13 619          | 12 663          | 956          | 33 067      |
| ☒ Poliklinikk og andre pasientinntekter | 13 230   | 14 269   | -1 039 | 66 304          | 70 826          | -4 522       | 174 325     |
| ☒ Pasientrelatert inntekt               | 70 578   | 69 153   | 1 425  | 356 992         | 360 504         | -3 512       | 845 243     |
| ☒ Basistilskudd                         | 218 030  | 218 111  | -81    | 1 054 181       | 1 053 753       | 427          | 2 521 185   |
| ☒ Andre inntekter                       | 4 842    | 5 974    | -1 132 | 26 764          | 29 865          | -3 101       | 72 670      |
| ☒ Sum Driftsinntekter                   | 293 450  | 293 238  | 212    | 1 437 937       | 1 444 122       | -6 185       | 3 439 098   |
| ☒ Varekostnader og Helsetjenester       | -42 158  | -40 329  | -1 828 | -211 530        | -205 517        | -6 013       | -502 449    |
| ☒ Lønn- og personalkostnader            | -205 953 | -199 649 | -6 304 | -1 009 616      | -970 848        | -38 769      | -2 296 444  |
| ☒ Øvrige kostnader                      | -38 708  | -43 265  | 4 557  | -203 670        | -217 782        | 14 112       | -520 215    |
| ☒ Av- og Nedskrivning                   | -8 096   | -8 413   | 318    | -39 967         | -42 067         | 2 100        | -101 000    |
| ☒ Sum Driftskostnad                     | -294 914 | -291 656 | -3 257 | -1 464 783      | -1 436 213      | -28 570      | -3 420 108  |
| ☒ Driftsresultat                        | -1 464   | 1 582    | -3 046 | -26 846         | 7 909           | -34 756      | 18 990      |
| ☒ Sum Finans                            | -17      | -1 582   | 1 565  | -112            | -7 909          | 7 798        | -18 990     |
| ☒ Totalresultat                         | -1 481   | 0        | -1 481 | -26 958         | 0               | -26 958      | 0           |

### Perioden

Resultatet i april er -1,5 millionar kroner, noko som gjev eit tilsvarande avvik mot budsjett då Helse Førde har budsjettert med null (0) kroner i resultat i 2023.

Aktiviteten innan somatikken var i perioden noko under budsjett, men samstundes er det eit positivt inntektsavvik som følgje av etterkoding og tertialstenging av første tertial knytt til DRG-koding. Samla gjev dette eit positivt inntektsavvik på 2,0 millionar kroner knytt til ISF-inntekter. Det er negativt resultatavvik knytt til inntekter frå poliklinikk og andre pasientinntekter med 1,0 million kroner i perioden, samt eit negativt avvik knytt til andre inntekter. Dette knyter seg mellom anna til at HFD ikkje har inntektsført midlar til utvida tilbod på Tronvik, då tilbodet ikkje har starta opp enno. Samla er inntektene om lag i balanse med budsjett denne perioden.

Det er eit noko høgare meirforbruk på varekostnader denne månaden samanlikna med april. Kostnader knytt til H-resept er 1,1 millionar høgare enn budsjettert, medan det er mindreforbruk knytt til gjestepasientkostnader. Medisinsk heimebehandling har eit positivt avvik i perioden, medan det er meirforbruk på varekostnader elles i føretaket, særskilt innan medikamentkostnader. Øvrige kostnader er lågare enn budsjettert, mellom anna grunna lågare straumkostnader og avsetjingar knytt til andre ikkje pasientretta kostnader.

Løns- og personalkostnader er i perioden 6,3 millionar over budsjett, eit meirforbruk om lag som i april (6,1 millionar). Det er størst negativt avvik knytt til vikarbruk, overtid, innleige, UTA og andre faste tillegg. Det er i perioden bokført lønsrefusjonar på 3,4 millionar kroner høgare enn budsjettert.

### Akkumulert


Resultat hittil i år er rett i underkant av -27,0 millionar kroner, noko som gjev eit avvik i høve resultatkravet på tilsvarande beløp.

Driftsinntektene er samla 6,2 millionar kroner bak budsjett. ISF-inntekter er i balanse, men vi har negativt avvik på poliklinikk/andre pasientinntekter på 4,5 millionar kroner og andre inntekter med 3,1 millionar. Det er positive avvik knytt til gjestepasientinntekter og øymerka midlar. Samla lønsutgifter er 38,8 millionar kroner høgare per mai enn budsjettert. Utviklinga er krevjande, og ein vidare reduksjon av lønsutgiftene ser ut til å krevje ytterlegare tiltak. Det er meirforbruk knytt til varekostnader, men mindreforbruk knytt til øvrige kostnader per mai. Samla er driftsutgiftene 28,6 millionar kroner høgare enn budsjettert. Det er positivt budsjettavvik knytt til både renteutgifter og avskrivningar per mai.

## Likviditet

Ved utgangen av mai hadde Helse Førde ein negativ saldo på konto med -71,2 millionar kroner. Skattetrekksmidlar er ikkje inkludert, og utgjør 52,6 millionar kroner per 31. mai.


Føretaket si disponible trekkramme på driftskreditten har auka til 551,5 millionar kroner. Dette skal hovudsakleg dekke pensjonsforpliktingar. Det er lagt til grunn opptrekk på byggelån knytt til Nye Førde sjukehus på samla 213 millionar kroner gjennom 2023, medan det er budsjettert med samla utbetalingar til investeringar på 631,2 millionar kroner. Dette vil medføre press på likviditeten gjennom året, og Helse Førde vil vere avhengig av kassekreditten for å ha disponibelt likvide midlar.



Diagrammet ovanfor syner forventa likviditetsutvikling i Helse Førde for 2023, samanstilt med det som var budsjettert likviditetsutvikling ved starten av året. Prognose for likviditeten inkluderer midlar frå revidert nasjonalbudsjett, og det er her tatt høgde for at tildelte midlar er lågare enn det som var venta. Det vert ei særskild negativ utvikling i august som følgje av store utbetalingar til pensjon.

# MEDARBEIDARAR

## Sjuefråvær



Samla sjukefråvær i mai var 7,5 prosent. Dette har vore eit stabilt nivå gjennom 2023, og tal for april 2022 var på tilsvarande nivå. Langtidsfråværet vedvarar på eit høgt nivå, medan korttidssjukefråværet er noko redusert samanlikna med føregåande månader.

